

Styremøte i Skåbu Bygdautvalg

Skåbu Bygdahus, tysdag 04.04.17

Tilstade: Elisabeth Brumoen, Johny Berglund, Lars Kvaalen, Steinar Veslum, Gun Skansgård, Kristin Blekastad.

Sak 7/17 Referat førriige møte:

Referatet vart godkjent.

Sak 8/17 Vårrensk:

Kurs hos Stian Brenden AS blir onsdag 26. april. Johny og Steinar reiser.

Årets vårrensk blir onsdag 10. mai kl. 18.00. Containerar er på plass frå kl. 17.00. Lars avtaler leie med Litra.

Postdama vil ta med seg infoskriv til husstandane. Gun og Elisabeth kopierer opp desse.

Sak 9/17 Møte med Dølen:

Dølen kjem i kveld kl. 20.00. Medlemmar frå Bygdautvalget tek opp problematikken med gangfelt/dårleg vedlikehald, Smiuvegen/Lykkja/Austlivegen - vedlikehald.

Sak 10/17 Bannarar:

Saken er til behandling hos SVV.

Sak 11/17 Innkomne saker:

E-post frå Kjell-Arne Slåen - snøskutertrasé i Skåbu.

Vi er positive til forslaget, men ser det som ei for stor oppgåve for oss, og veit ikkje heilt kva for ein ende vi skal starte i. Kristin tek ein telefon til Kjell-Arne ang. dette.

Forslag frå Tor Blekastad - la den gamle turbinen frå Øvre Vinstra synast fram som eit monument over kraftutbygginga i bygda og kommunen.

Vedtak: Vi tek saken opp att på neste møte.

Neste møte blir tysdag 2. mai kl. 18.00 på Bygdahuset.

Kristin Blekastad

sekretær